



# Sunnfjord kommune

Elevrådet ungdomssteget

## Referat frå møte i elevrådsmøte for 8-10

Torsdag 23.mars

### 4.time naturfagrommet

---

Elevrådsrepresentantar 8. trinn: Nikolai Andreas Veiesund, Martine Thingnes, Sandra Aaland, Sebastian Bergby Carlsen

Elevrådsrepresentantar 9A: Nemi Angelica Vigdal, Nikoline Hylland Fitje

Elevrådsrepresentantar 9B: Emilie Kristiansen Johannessen, Miguel Grønli Garfoss

Elevrådsrepresentantar 10A: Eirik Sunde Reiakvam, Snorre Helgheim Thingnes

Elevrådsrepresentantar 10B: Mari Stuhaug Larsen, Pernilla Taule Leikanger

### SAKSLISTE

#### Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 23.03.23, og referat frå møtet 17.02.23

Godkjent

#### Sak 2: Tilbakemelding på saker frå tidlegare møter

- Skidag
  - o Skidag vart gjennomført i Instedalen i år.
  - o Kostnader knytt til busstransport til Blomlia eller Bjørkelia er minst 5000 kr meir enn til Instedalen.
  - o Oppmodinga frå leiinga er at elevrådet til hausten startar ein prosess der skidag, og andre aktivitetar som kostar pengar, blir drøfta, prioritert og lagt i eit årshjul. Denne saka vil difor bli teke oppatt til hausten.
- OD-prosjektet 2023
  - o OD-prosjektet 2023 blir Ungdom ut av skuddlinja i Colombia, som er det prosjektet Naustdal skule stemte på.
- Skilleveggar i dusjane
  - o Det har komme ynskje frå både frå elevrådet på 5-7 og 8-10 om at det blir sett opp skilleveggar i dusjane
  - o Vist det skal bli skilleveggar i dusjane må begge elevråda engasjere seg for og få det til, og samarbeide om ei sak som vert sendt vidare til leiinga
  - o Argument for kan vere: Folk syntest det er ubehageleg og dusje utan skillevegger. Det blir betre hygiene med skillevegger.
  - o Til neste elevrådsmøte må alle klassane ta opp saka, og komme med argument for skilleveggar i dusjane.

#### Sak 3: Globalløp

- 5.mai
- Tema: Psykisk helse i Uganda
- Organisering?  
Eit valgfag kan arrangere?



**Elevrådet ungdomsteget**

Fra elevrådet: Martine, Nemi, Nikoline, Emilie  
Innspill om at ein ikkje trenger felles oppvarming

**Sak 4: Elevundersøkinga**

- Korleis har klassane arbeidd med resultatata frå elevundersøkinga?  
10a: snakka om det, diskutert, snakka om kvifor grafen var som den var.  
10b: kunne sett meir på dei forskjellige spørsmåla.  
9a: har ikkje gått gjennom.  
9b: har gått gjennom, dårlege svar, tokk opp på tavla og snakka om det, klaga.  
8kl: snakka om det, bra svar, sett gjennom svara.

På neste møte ser vi på resultatata frå elevundersøkinga.

**Sak 5: Saker frå trinna**

- Sommarball med ungdomstrinna.
  - o Innspel frå 9.trinn.
- Vere inne i friminutta også etter påskeferien
  - o Argument for
    - Ein kan bli sjuk
    - Dårlig vær
    - Ikkje nok tak/ sitte plassar ute
    - Ikkje nok tid til og ete
    - Blir sein inn til time
    - Kan hindre herværk
  - o Dersom nokon ikkje følger reglane må dei ut.
  - o Til neste elevrådsmøte må alle klassane ta opp saka, finne argument både for og mot. Så kan ein lage eit saksframlegg som ein sender vidare. Inntil ein har fremma eit forslag, og fått det gjennom, skal alle ut i friminutta etter påske.
- Mobilar i skuletida
  - o Mange andre skular i Sunnfjord har lov
    - Ein kan bruke mobil til utvisning.
    - Det er enklare og bruke telefon en og bruke pc.

**Sak 6: Saker som har komme til**

- Orienteringar frå møtet i Ungdomsrådet 20.mars
- Orientering om forslag om parkeringsplass ved buss-stoppet. Elevrådet var positive til forlaget.

Martine Thingnes  
Referent